

## Referat frå møte i Utval for utdanning og internasjonalisering (UUI)

Tid: Måndag 16. juni 2025 kl. 13.30-15.00

Stad: Rom 435 på HF-bygget

Til stades: Aidan Conti (undervisningskoordinator), Ingvild Nistov (norsk som andrespråk), Sander Jensen Schipper (teatervitskap), Pär Sandin (klassisk), Hilde Vikøyr Brynjulfsen (Norskkursa), Heming H. Gujord (lektorutdanninga), Henning Laugerud (kunsthistorie), Jens Eike Schnall (norrøn filologi), Aline Pena Gill, Cornelius Bøe Vestvik (studentrepresentantar), Signe Nilssen (sekretær)

Frå Studieavdelinga: Peter Woldseth

Forfall: Anne Beate Maurseth, Carl Börstell, Helga Mannsåker, Frode Helmich Pedersen, Sandra Sandnes, Ulla Kallenbach, Marianne van Baar, Synnøve Aukan Meisingset, Alinta Krauth

### Saksliste

|                                                                                                                             |   |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---|
| UUI-sak 7/25: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat .....                                                         | 1 |
| UUI-sak 8/25: Orienteringssaker .....                                                                                       | 1 |
| Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar .....                                                                   | 1 |
| Orienteringssak 2: Rapport frå Studiekvalitetskomiteen .....                                                                | 2 |
| Orienteringssak 3: Vedtaksmyndigheit og framdrift for arbeid med fellesemne og emnepakkar i Studieporteføljeprojektet ..... | 3 |
| Orienteringssak 4: Midlar til undervisningsassistentar hausten 2025 .....                                                   | 3 |
| Orienteringssak 5: Frist for emneplanendringar .....                                                                        | 3 |
| UUI-sak 9/25: Ymist .....                                                                                                   | 3 |

#### UUI-sak 7/25: Godkjenning av innkalling, saksliste og referat

Vedtak: UUI godkjenner innkalling, saksliste og referat

#### UUI-sak 8/25: Orienteringssaker

#### Orienteringssak 1: Status for fagmiljø og studentar

Kvar representant fekk 3 minutt til å informere om de informerer om framdrift i utvikling av fellesemne og eventuelle samarbeid om emnepakkar.

Kunsthistorie: Vi arbeider med saka, vi har sett i gong med arbeidet. Vi har alltid hatt tilrådte emne, og ser på det vi har hatt og gjer naudsynte endringar. Samarbeid med klassisk og AHKR. Vi har dialog med klassisk om fellesemne, men har ikkje noko vedtak enno. Ser på fleire moglegheiter. Det er litt uklart kva som er forventa om fellesemnet.

Klassisk: Vi held på med samarbeid med forskargruppa i antikkens verden om emnepakkar. I dialog med allmennlitteratur, kunsthistorie og norrønt om fellesemne. Arbeider med saka.

Lektorutdanninga: Vi er ikkje med i prosjektet. Vi er opptatte av korleis vi skal drive undervisninga til hausten. Stor bekymring.

Norsk som andrespråk: Vi meiner vi har oppfylt kravet om fellesemne frå før sidan vi alt har nordisk språk og litteratur inne i programmet. Vi undersøker om studentar kan velje dette eller eit anna emne. Fagmiljøet er i dialog med IF om SEK100, men det er berre 10 stp, og vi treng 15. Språkvitskap tar inn NORAN107 i sin grad. NOLI102 er del av spesialiseringa i bachelorprogramma i nordisk språk og litteratur og i norsk som andrespråk. Vi har fått ein førespurnad frå russisk om eit samarbeid om emnepakke der.

Kommentar: Vi må få tydeleg avklara kva som er meint med fellesemne.

Norskksursa: Drifta går bra, men vi har litt færre ressursar enn tidlegare.

Studentane: Vi synest det er ein god idé med emnepakkar.

Norrønt: Vi deltar i diskusjonar om emnepakkar om mellomalder. Eit potensielt problem er strukturen. Kva om eit fellesemne blir del av ein fellespakke? Bør det vere valfridom innan ein emnepakke? Vel 30 av 45 studiepoeng, td. Eg synest det er viktig at det blir synleggjort på vitnemålet kva emnepakkar studentane har tatt, men det er ei svakheit med systemet at ein legg opp til pakkar som kanskje ikkje kan bli tatt fordi delar av emna alt inngår i spesialiseringa. Vi arbeider mot å ha fellesemne med historie og klassisk. Vi eksporterer eit emne til nordisk språk. Håpar å sleppe å dublere undervisninga på 200-nivå. Ventar på svar på søknad.

Teatervitskap: Vi har veldig mange søkjarar på master, og 100% gjennomføring på masternivå. Vi samarbeider med nordisk om fellesemne på TEAT211 og NOLI250. Vi har laga emnepakkar.

## Orienteringssak 2: Rapport frå Studiekvalitetskomiteen

Vi har i år hatt programevalueringar av følgjande program:

Bachelorprogrammet i nordisk språk og litteratur  
Bachelorprogrammet i norrøn filologi  
Bachelorprogrammet i norsk som andrespråk  
Bachelorprogrammet i språkvitskap  
Masterprogrammet i nordisk språk og litteratur  
Masterprogrammet i norrøn filologi  
Masterprogrammet i lingvistikk

Studiekvalitetskomiteen tilrådde reakkreditering av alle programma unntatt dei i nordisk språk og litteratur. Komiteen fann at fagmiljøet ikkje synleggjorde studiekvalitetsarbeidet sitt godt nok i rapportane, og tilrådde at rapportane blir omarbeidde og leverte på nytt i neste runde om eitt år. Då skal også lektorprogrammet i nordisk evaluerast.

Aidan gjekk gjennom rapporten og peika på endringar i studiekvalitetssystemet. Gått frå rapportering til vurdering. Kort sagt: Det blir meir arbeid med vurderingane, men evalueringane blir betre.

Norrønt: Kan vi dele bestepsaksis frå tidlegare rapportar med kvarandre?

### Orienteringssak 3: Vedtaksmyndigheit og framdrift for arbeid med fellesemne og emnepakkar i Studieporteføljeprojektet

Fakultetssekretariatet har sendt ut informasjon om vedtaksmyndigheit og framdrift for arbeid med fellesemne og emnepakkar i Studieporteføljeprojektet. Det er fint om de set dykk inn i dette og tar det med i utviklingsarbeidet.

Aidan gjekk gjennom informasjonen vi har fått frå fakultetet om dette, og synleggjorde korleis ulike kombinasjonar kan påverke til dømes timeplan. Og korleis det kan inngå/ikkje inngå ulike program.

### Orienteringssak 4: Midlar til undervisningsassistentar hausten 2025

Signe har sendt ut e-post med søknadsskjema om midlar til undervisningsassistentar for hausten 2025. Frist for innsending er 30. juni, og reglane er som vanleg at det skal vere studentar under utdanning som vert nytta som undervisningsassistentar – fortrinnsvis masterstudentar (altså ikkje studentar som har fullført mastergrad). Dette for å kunne tilby relevant arbeidserfaring til eigne studentar, og for å sikre god ressursutnytting.

### Orienteringssak 5: Frist for emneplanendringar

Instituttet har fått frist til å melde inn emneplanendringar som gjeld frå og med våren 2026. EpN er no ope, og instituttets frist for å melde inn, er 1. september. Fagmiljøa får frist til å melde inn 17. august. Då må òg vedtak frå programstyre vere fatta.

Lektorutdanninga melder at fristen for å melde inn emneplanendringar er litt tidleg. Norrønt stiller seg bak.

Kommentar: Det går å søkje om å få utvida frist, og det går å ta programstyremøte på sirkulasjon.

### UUI-sak 9/25: Ymist

Møte i UUI i haust:

8. september  
20. oktober  
8. desember